



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.03.2017
Tid: 12.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Sølvi Dimmen	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	rådmann
Per Heltne	fagansvarleg plan, OS 53/17, PS 46/17
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef, PS 50/17
Jørgen Vestgarden	utviklingssjef
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef, OS 54/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 44/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 51/17	Hjartåbygda skyttarlag
OS 52/17	Informasjon om SSIKT
OS 53/17	E39 Volda-Furene – Voldatunell
PS 46/17	Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutting av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.
PS 47/17	Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807 - Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.
PS 48/17	Volda Tennislag - Lenging av festeavtale - Gbr 27/44/1
PS 49/17	Valg av opsjonar for Botnavegen før kontrakt med entreprenør
PS 50/17	PPT- avtale om regionalt samarbeid
PS 51/17	Ny bruk av bustadmodular Engesetvegen 28
PS 52/17	Orienteringssaker
OS 54/17	Voldahallen - opsjon EPC og vurdering av hallen i høve kabalen med speleflater og ny idrettshall
OS 55/17	NOTAT - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunal medverknad
OS 56/17	Svar på søknad om økonomisk støtte til Volda og Ørsta ballettskule - varmpumper m.m.
OS 57/17	Hornindal kommune - Delegeringsfullmakt - Barneverntenesta for Søre Sunnmøre
OS 58/17	Hornindal kommune - Interkommunalt samarbeid om barnevernteneste



VOLDA KOMMUNE

- OS 59/17 **Brev fra FAU ved Volda ungdomskule - bekymringsmelding vedk. Volda ungdomsskule**
- OS 60/17 **Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule**
- OS 61/17 **Sluttrapport. Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, flyktningekontor, tildelingskontor og eigedom**
- OS 62/17 **Tilsagn om treårig fylkeskommunalt driftstilskot for 2017**
- OS 63/17 **Fylkesmannen - nye kommunar i Møre og Romsdal - Infoskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR**
- OS 64/17 **Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS**
- OS 65/17 **Demokratiprojektet - referat frå møte i Styringsgruppa 27.02.17**
- PS 53/17 **Referatsaker**
- RS 5/17 **Klage frå Ørskog kommune over avgjerd frå politidirektoratet om lokal struktur i Nordre Sunnmøre**

PS 44/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Ordførar opna med å lese opp takkebrev frå Austefjord bygdekvinnelag der dei takka for tilskotet dei fekk tildelt på FSK-møtet 07.03.

Innkalling:

Ingen hadde noko å merke til innkallinga.

Sakliste:

Odd A. Folkestad spurde om det skal gjerast vedtak i dette møtet til sak Hjartåbygda skyttarlag, om tilskot til bygging av veg og parkeringsplass.

Ordføraren opplyste at saka kjem opp i neste formannskapsmøte.

Ordføraren foreslo at Valstyresak vert å handsame før dei ordinære orienteringssakene.

Røysting: (ni røysteføre)

Innkalling vart samrøystes godkjend.



VOLDA KOMMUNE

Saklista, med merknad om valstyresak, vart samrøystes godkjend.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 21.03.2017

PS 45/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 21.03.2017

Møteprotokoll frå sist møte den 07.03.2017 vart godkjend.

OS 51/17 Hjartåbygda skyttarlag

Frå Hjartåbygda skyttarlag møtte Hogne Homberset og Raymond Løvøy. Hogne Homberset hadde ei fyldig orientering om skyttarlaget. Han orienterte også om framdrifta med bygging av nytt skytebanehus. Håpet er å kunne samle inn nok midlar til også å bygge veg og parkeringsplass til anlegget.

OS 52/17 Informasjon om SSIKT

Dagleg leiar ved SSIKT, Guttorm Rimstad, orienterte om det interkommunale IKT-samarbeidet. Driftssenteret for SSIKT held til på Hareid, med datasenter på Hareid rådhus. Det er kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta som er medlemskommunar.

OS 53/17 E39 Volda-Furene - Voldatunell

Frå vegvesenet møtte Astrid Eide Stavseng, Jonas Midsund og Robin Sætre.

Dei orienterte om framdrifta med planlegging av Voldatunell – E39 Furene. Planarbeidet er i samarbeid med statens vegvesen og Volda kommune.

Vegvesen.no har ei eiga prosjektside der planen er å finne.



VOLDA KOMMUNE

PS 46/17 Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.

Handsaming:

Tilråding frå ordføraren:

- 1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*
- 2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteoppholdsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.*
- 3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.*
- 4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
- 5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*
- 7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.*
- 8. Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.*
- 9. Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

Framlegg frå Odd A. Folkestad, FrP:

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak i sak 176/16 finn kommunen ikkje å kunne gi løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og Rotset småbåthamn.



VOLDA KOMMUNE

Spørsmålet vert å ta opp at når arealbruken m.v. er nærare avklara gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Etter prøverøysting.

Nytt framlegg frå Odd A. Folkestad Frp, Øyvind Festø, MDG og Gunnar Strøm, SV:

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak i sak 176/16 finn kommunen ikkje å kunne gi løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og Rotset småbåthamn.

Spørsmålet vert å ta opp når arealbruken er nærare avklara i førstkomande utkast til ny arealplan.

Endeleg framlegg frå Odd A. Folkestad Frp, Øyvind Festø, MDG og Gunnar Strøm, SV:

Med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak i sak 176/16 finn kommunen ikkje å kunne gi løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og Rotset småbåthamn.

Spørsmålet vert å ta opp når arealbruken er nærare avklara i første utkast til ny arealplan.

Røysting: (ni røysteføre)

Prøverøysting:

Adm. Si tilråding fekk 2 røyster. (Straume og Bjerkvik)

Folkestad sitt framlegg fekk 3 røyster (Folkestad, Strøm og Festø)

Ordførar si tilråding fekk 4 røyster. (Amdam, Sortehaug, Sundal og Bjørneset) Fem (5) røysta mot.

Endeleg røysting: (ni røysteføre)

Adm.sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Fellesframlegg frå Folkestad, Strøm og Festø fekk 3 røyster. (Folkestad, Strøm og Festø)

Ordførar sitt framlegg vart vedteke med seks (6) røyster. (Amdam, Sortehaug, Sundal, Bjerkvik, Straume og Bjørneset)

Tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

1. Formannskapet finn å kunne gi løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).

2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.

3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.



VOLDA KOMMUNE

- 4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.**
- 5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.**
- 6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.**
- 7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.**
- 8. Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.**
- 9. Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.**

Administrasjonen si tilråding:

1. Med grunnlag i framlagde ide-skisser for utbygging av området, datert 19.01.2017, lagt fram av Sporstøl Arkitekter AS på vegne av Sunnmøre Invest AS, finn formannskapet å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).
2. Framlagd ideskisse datert 19.01.2017, kan vere retningsgjevande for planlagt arealbruksformål, men vil ikkje vere bindande for endeleg utforming av plan. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.
3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.
4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.



VOLDA KOMMUNE

5. *Kommunen sin eignedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
6. *Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*
7. *Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området.
Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.*
8. *Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

PS 47/17 Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807 - Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.

Handsaming:

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.



VOLDA KOMMUNE

PS 48/17 Volda Tennislag - Lenging av festeavtale - Gbr 27/44/1

Handsaming:

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 21.03.2017

Formannskapet vedtek å lenge gjeldande festekontrakt med Volda Tennislag for Gbr. 27/44-1 med 15 år frå 20.03.2037.

Utviding av festeavtalen kan tinglysast dersom Volda Tennislag ynskjer det, og det er naudsynt for å få spelemidlar til rehabilitering i samsvar med søknaden.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å lenge gjeldande festekontrakt med Volda Tennislag for Gbr. 27/44-1 med 15 år frå 20.03.2037.

Utviding av festeavtalen kan tinglysast dersom Volda Tennislag ynskjer det, og det er naudsynt for å få spelemidlar til rehabilitering i samsvar med søknaden.

PS 49/17 Valg av opsjonar for Botnavegen før kontrakt med entreprenør

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om han var ugild. Sundal si bestemor er ein av grunneigarane langs Botnavegen, K.l. § 40, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Teknisk sektor la fram ei endring i tala til pkt. 1 og 2.

- 1. Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 949 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.*

Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare

Tillegsløyvinga på Kr 16.204.000,- vert finansiert slik

<i>Låneopptak</i>	<i>kr 13.213.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 2.990.000,-</i>

- 2. Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 579 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.*



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Røysting ugildskap

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild.

Det var 8 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Tilrådinga frå administrasjonen med endringar vart samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

- 1. Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 949 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.***

Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare

Tillegsløyvinga på Kr 16.204.000,- vert finansiert slik

*Låneopptak kr 13.213.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)
Momskompensasjon kr 2.990.000,-*

- 2. Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 579 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.***
- 3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.***

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 782 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.**

Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare

Tillegsløyvinga på Kr 16.037.000,- vert finansiert slik

Låneopptak kr 13.080.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)
Momskompensasjon kr 2.957.000,-

- 2. Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 746 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.**



VOLDA KOMMUNE

3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

PS 50/17 PPT- avtale om regionalt samarbeid

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jfr. kommunelova § 31, nr. 2.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

Møtet vart opna før vidare handsaming.

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

1. *Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
2. *Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*
3. *I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnadar knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
4. *Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
2. *Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*
3. *I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnadar knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
4. *Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*



PS 51/17 Ny bruk av bustadmodular Engesetvegen 28

Handsaming:

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:

- *1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun*
- *1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad*
- *2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage*

Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnader og finansiering før gjennomføring av flyttinga.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:

- *1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun*
- *1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad*
- *2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage*

Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnader og finansiering før gjennomføring av flyttinga.

PS 52/17 Orienteringssaker

OS 54/17 Voldahallen - opsjon EPC og vurdering av hallen i høve kabalen med speleflater og ny idrettshall

Handsaming:

Rådmannen heldt ei orientering. Vidare orienterte eigedomssjef Kjell Magne Rindal.



VOLDA KOMMUNE

OS 55/17 NOTAT - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunal medverknad

Handsaming:

Ordføraren ga ei grundig orientering om campusutvikling på Høgskulen og rammer for kommunal medverknad.

OS 56/17 Svar på søknad om økonomisk støtte til Volda og Ørsta ballettskule - varmpumper m.m.

OS 57/17 Hornindal kommune - Delegeringsfullmakt - Barneverntenesta for Søre Sunnmøre

OS 58/17 Hornindal kommune - Interkommunalt samarbeid om barnevernteneste

OS 59/17 Brev fra FAU ved Volda ungdomsskule - bekymringsmelding vedk. Volda ungdomsskule

OS 60/17 Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule

OS 61/17 Sluttrapport. Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, flyktningekontor, tildelingskontor og eigedom

OS 62/17 Tilsagn om treårig fylkeskommunalt driftstilskot for 2017

OS 63/17 Fylkesmannen - nye kommunar i Møre og Romsdal - Infoskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR

OS 64/17 Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS



VOLDA KOMMUNE

OS 65/17 Demokratiprojektet - referat frå møte i Styringsgruppa 27.02.17

PS 53/17 Referatsaker

RS 5/17 Klage frå Ørskog kommune over avgjerd frå politidirektoratet om lokal struktur i Nordre Sunnmøre

Møtet vart lukka på slutten av møtet med heimel i Kommunelova § 5.3

Rådmannen heldt ei kort orientering.

Møtet slutt kl. 17.55
Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
22.03.2017

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær